



Møtereferat

Føremål: Referat frå møte i Koordineringsrådet – 25.01.18
Møtetid: 10:00 – 14:30
Stad: FSS, møterom 4
Referent: Gitta Sas
Møteleiar: Øyvind Bang-Olsen (avtroppande leiar)/Børge Tvedt (påtroppande leiar)
Saksnr: 2017/4149

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Børge Tvedt	Kst. adm. direktør	Helse Førde HF	
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord	
Alf Olsen jr.	Rådmann	Lærdal kommune/Sogn	X
Oddbjørn Ese (vara for Olsen)	Rådmann	Vik kommune/Sogn	X
Anne Kristin Kleiven (Må gå frå til lunch)	Kst. viseadm. direktør/ Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	Etter lunch
Trine Vingsnes (Stiller som vararepr. frå kl. 11.30)	Direktør kirurgisk klinikk	Helse Førde HF	
Svein Ove Alisøy (Må gå frå til lunch. Vararepr. kan ikkje stille)	Kst. direktør Psykisk helsevern	Helse Førde HF	Etter lunch
Signe Nordvik (Må gå frå kl. 10.45. Vararepr. kan ikkje stille)	Kst. direktør medisinsk klinikk	Helse Førde HF	Etter lunch
Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde HF	
Martin Lundegård	Rådmann	Fjaler kommune/HAFS	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord	X
Ørnulf Lillestøl (vara for Joensen)	Rådmann	Selje kommune/Nordfjord	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet	
Audun Nedrebø	Leiar Brukarutvalet	Felles Brukarutval	
Gry Borghild Sætre	Nestleiar Brukarutvalet	Felles Brukarutval	
Stig Igland Sekretariat/vararepresentant	Samhandlingssjef/ avdelingssjef	Helse Førde HF	
Observatørar:			
Jacob Andersen	Assisterande fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Clara Øberg	Direktør for tannhelsetenesta.	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	X
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane	



REFERAT

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
1/18	<p><u>Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste</u></p> <p>Vedtak: Innkalling og saklista vert godkjent.</p>	Øyvind Bang-Olsen Stig Igland
2/18	<p><u>Godkjenning av referat frå møte 16.11.18</u></p> <p>Merknadar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ad retningsliner: Koordineringsrådet gjev uttrykk for sitt behov for felles retningsliner i eit dokument.- Når det gjeld deling av kostnader, må dette vere klart og einighet. <p>Børge Tvedt tek over som møteleiar etter vedtak sakliste og godkjenning referat førre møte.</p> <p>Vedtak: Referat frå førre møte vert godkjent.</p>	
3/18	<p><u>Nytt Koordineringsråd for perioden november 2017 – november 2019:</u></p> <ul style="list-style-type: none">a) Leiarskifte, og ny samansetnadb) Gjennomgang av mandatc) Kva saker ønsker ein å arbeide med ?d) Forslag til saker til Dialogmøtet ?e) Ansvar for å melde og førebu saker <ul style="list-style-type: none">a. Liste over faste medlemmar i Koordineringsrådet framover, vert gjennomgått. - Endringar meldast til Stig Igland. <ul style="list-style-type: none">b. Ansvarsområde/mandat for Koordineringsrådet vert gjennomgått. <p>Kommentarar og innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">- Plikt for partane å løfte opp saker til rådet, slik at fokus ikkje berre ligg på mindre viktige saker.- Oppmøte er viktig for kontinuiteten. Ein bør ikkje løyse oppgåvene i uformelle fora.- Torsdag som møtedag vert diskutert, blir ikkje endra.- Koordineringsrådet har fått til gode ting, men saker må	Børge Tvedt/ Stig Igland



	<p>leverast inn.</p> <ul style="list-style-type: none">- Sakene bør ende i Koordineringsrådet. Det er utfordrande, fordi saker vert diskutert i mange fora.- Det blei reflektert rundt oppgåver for ny interkommunal samhandlingskoordinator.- Styling og avgjerder kan gjevast mandat på av kommunane og Helse Førde HF til Koordineringsrådet.- Årshjul er naudsynt, slik at ein er klar over når sakene kjem.- Fagrådet kan vere ein del av beslutnings,- og førebuingssprosessen. <p>d : Forslag til saker til Dialogmøte:</p> <ul style="list-style-type: none">- Revidert Verksemdsmessig utviklingsplan Helse Førde- Legevaktsak (Jakob)- Folkehelse (Øyvind)- Velferdsteknologi (Stig)- Primærhelseprogrammet (Jan Helge)- Barnehuset, oppfølging (Børge)- Felles Brukarutval, kva tenkjer kommunane om brukarinvolvering (Anne Kristin)- PH barn og ungdom Barnevernet i samanheng med Barnehus (- Auke i bruk av behandlingshjelpemiddel/avansert heimebehandling. Dette må kanskje takast opp som felles nytt prosjekt, ikkje i Dialogmøte. Frode og Stig koordinerer. <p>Konklusjon: Samhandlingskoordinator må få ei rolle i førebuing av saker for koordineringsrådet, slik sakene er godt kjent i forkant.</p> <p>Saker til dialogmøte har frist 01.04.2018 KS og samhandlingssjef skal ha eit møte i forkant av dialogmøte, tidlig i april.</p> <p>Frode Kyrkjebø kvalitetssikrar om kommunane er klar over datoen for Dialogmøte.</p>	
4/18	<p><u>Etablering av Barnehusavdeling i Sogn og Fjordane</u></p> <p>Frøde Kyrkjebø innleiar jfr saksunderlag, ved fråver av Linda Åmelfot.</p> <p>Frå styringsdokument: oppdraget er, at barnehuset skal vere etablert og operasjonelt 01.10.2018. I midten av februar vert prosjektgruppa kalla inn til omvisning på</p>	Linda Åmelfot Solveig Berget



	<p>Barnehuset i Bergen. Kommunane skal melde inn representantar i arbeidsgruppa i dag i Koordineringsrådet- Helse Førde er representert i prosjektgruppe med overlege Ander Bjørkhaug, barneavd og Toril Taklo, Psykisk helsevern for born og unge. Børge Tvedt oppdaterer Koordineringsrådet om tanker og fakta rundt samansetjing på prosjektgruppe, arbeidsgruppe, og, på strategisk nivå, ei styringsgruppe. Børge Tvedt er i dialog i høve avklaringar frå Helse Vest om eventuell økonomisk støtte.</p> <p>Solveig Berget orienterar om:</p> <ul style="list-style-type: none">- Rettsmedisinsk utdanna personell.- Kompetanseheving må prioriterast.- Lege i spesialisering som ynskjer å vere på barneavdeling. <p>Kommentar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Sertifisering og rettleiingsordning.• Barnepsykiater.• Sårbar når det er enkeltpersonar som skal knyttast til barnehuset.• Sårbare små fagmiljø. Resursbruken må ikkje gå på bekostning av dei basistenestene Helse Førde skal levere.• Difor må ein få nye midlar. Viktig å vere på strategisk nivå.• Ein må vere med på å utarbeide mandatet, ikkje minst for å vere med i avklaringar med omsyn til økonomi.• Lokale. Ein trenger rask avklaring på spesifikasjonar for lokale. For Helse Førde er det positivt å ha det i Bygg aust. Dette arbeidet må takast i styringsgruppa for Barnehuset.• Barnehuset i Bergen stiller til disposisjon grunnbemanning.• Helse Førde HF har ansvar for medisinsk undersøking. <p>Konklusjon: Koordineringsrådet tek saka til orientering. Etablering av barnehusavdeling i Sogn og Fjordane er døme på godt tverrsektorielt samarbeid, både på fagleg og politisk plan.</p>	
5/18	<p>Revisjon av utviklingsplan for Helse Førde HF</p> <p>Anne Kristin Kleiven orienterar om historikken av utviklingsplanen som var ferdig i 2015.</p>	<p>Ved fråver av Marianne Kleppe Nordal, Anne Kristin Kleiven</p>



	<p>Frist for å levere utviklingsplan til Helse Vest RHF er 30.06.2018</p> <p>Ein av elementane som er viktige for kommunane er ei felles leiarutdanning for Helse Førde og kommunane. Vil vere mogleg å gi innspel til utviklingsplanen, gjennom ein funksjon på ei internettside framover.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">- Helse- og omsorgsutvalet peikar ut ein sparringpartner frå kommunane som helseføretaket kan bruke som diskusjons-/refleksjonspartner.- Det kan også takast ein ekstra rådmannsutvalsmøte for å samle innspel.- Utfordrande med omsyn til budsjett- utviklingsplan.- Ein vil få styringssignal frå styret i Helse Førde ift økonomi. - Storforbrukarprosjektet, og ynskjer dialog kring felles saksførebuing. - Viktig med fokus på samhandling i utviklingsplanen.- Ein treng konkrete endringar. Vel heim, prosjektkandidat i Helse Vest om handlar samhandling. Om dette prosjektet skal realiserast blir det viktig å sikre godt samarbeid og dialog med kommunane.- Ein ynskjer inn ei sak i neste Koordineringsråd om storforbrukarprosjektet. <p>Vedtak:</p> <p>Koordineringsrådet gjev tilslutning til framdriftsplanen som vert presentert i møtet.</p>	
6/18	<p><u>Fagnettverk innan habilitering og rehabilitering - Møteplassen</u></p> <p>Maria Ljunglöf orienterer om Fagnettverk innan habilitering og rehabilitering –Møteplassen.</p> <p>Den nye veilederen knytt til habilitering og rehabilitering set krav om deltakarar frå både kommunar og Helse Førde.</p> <p>Kommentar og innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ein tilrår at helseføretaket saman med kommunane søker om fylkeskommunale midlar til å arrangere Møteplassen.- Kontaktlege – fastlege er viktig.- Korleis må det organiserast. Prosedyreverk er på plass.	Maria Ljunglöf



	<p>Vedtak:</p> <p>Koordineringsrådet oppmoder Helse- og omsorgsutvalet koordinere søknad om midlar til Fylket.</p> <p>Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande.</p>	
	Føremiddagsmat	
7/18	<p><u>Interkommunal samhandlingskoordinator</u></p> <p>Frode orienterar om status tilsetjing og oppgåver.</p> <p>Vedtak: Koordineringsrådet håpar på gode søkarar, og tek orienteringa til vitande.</p>	Frode Kyrkjebø
8/18	<p><u>Responsenter for velferdsteknologi i Sogn og Fjordane</u></p> <p>Inger Lise Grotle, tilsett i Alarmsentralen Sogn og Fjordane, orienterar om velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.</p> <ul style="list-style-type: none">- Det er det ikkje skilt utstyr heime hos brukarar eller på institusjon i tala frå alarmsentralen i presentasjonen. <p>Stig Igland orienterar om behandlingshjelpemiddel, ei oppgåve som ligg til spesialisthelsetenesta.</p> <p>Ei utfordring er å serve pasientane «24/7».</p> <ul style="list-style-type: none">- Kan ein felles Heimepasientsentral vere ei løysing? I Bergen er det felles med 110 sentralen. Kan vere samhandlingmoglegheit. Brannvesen og helsevesen har eit samhandlingsgrunlag.- KS og kommunalsjefane ynskjer eit samarbeid om det. Må kome ei platform/kontaktpunkt med Helse Førde.- Med omsyn til kontaktpunkt: i beredskapssituasjonar er det viktig å ha oversikt over utstyret.- Behovet frå brukarane våre vert ikkje besvart, ved å ha for lite bemanningsmoglegheiter på kveld/natt, der det er ynskjeleg å ha ei 24/7 teneste.- Ta med kostnadar for prosjektet i vurderingane.- Framlegg: sett saman ei arbeidsgruppe, lage mandat. Myndighetskravene ligg i bunnen for mandatet.	Øyvind Bang-Olsen Stig Igland



	<p>Helse Førde kan vere med i eit forprosjekt. Koble opp mot velferd.</p> <ul style="list-style-type: none">- Viktig med felles avvikssystem. <p>Vedtak: Teke orienteringa til vitande. Helse Førde stiller med representant i arbeidsgruppe i forprosjektet.</p>	
9/18	<p><u>Samhandlingsavvik</u></p> <p>Irene Barmen Hoel orienterar om samhandlings saker i 2017.</p> <p>Kommentar/innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ynskjeleg med eit felles system. Til neste år vert det ei betre løysing med Digipost, slik at ein slepp å utveksle papir på avviksmeldinger.- Kommunane må levere avvikssaker, det vil bli jobba betre i Helse Førde HF med forbetring.- Forslag om felles system ligg i prosjektkandidaten Vel heim , som skal handsamast i Programstyret i mai 2018 for å sjå korleis ein arbeider vidare med prosjektet. <p>Vedtak: Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande.</p>	Irene Barmen Hoel Stig Igland
10/18	<p><u>Status og vegen vidare for Samhandlingsbarometeret</u></p> <p>Emma Bjørnsen orienterer om nytt i Samhandlingsbarometeret.</p> <p>Kommentarar/innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">- Samhandlingsbarometeret er til god støtte til arbeidet i kommunane. <p>Vedtak: Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande. KS sender ut førespørnad til nettverk.</p>	Emma Bjørnsen
11/18	<p><u>Val av kommunerepresentant til juryen for Kvalitetsprisen</u></p> <p>Vedtak: Kjell Idar Dvergsdal vert oppnemnt.</p>	Stig Igland



12/18	<p><u>Open post/eventuelt/evaluering av møtet</u></p> <p>Evaluering av møte:</p> <p>Diskusjonen om kva Koordineringsrådet skal ha i oppgåve i framtida er avrunda i punkt 3.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Fokus på saksutgreiing i forkant av Koordineringsrådet. Saker må leverast i vedtaksform til Koordineringsrådet.</p>	Børge Tvedt
-------	--	-------------

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid
1	Melde saker til dialogmøte	KS/Helse Førde	01.04.18
2	Helse Førde representant til prosjektgruppe respons-senter velferdsteknologi	Stig Igland	Snarast